




STRATEGI FOR
VERNEOMBODA
2019–2023





Helseføretaka er i konstant endring og utvikling, og verneomboda må vere i stand til å møte endringane som kjem og derfor trenger vi denne strategien. Saman med verneomboda i dei andre helseregionane har vi blitt samde om dei overordna måla i denne strategien. Verneomboda i Helse Vest har saman utarbeidd tiltaka under kvart mål.

- Strategien beskriv kvar vi ønskjer å vere om fire år.
- Strategien skal vere til hjelp for verneombod på alle nivå.
- Strategien legg vekt på kva vi sjølve kan gjere, og korleis vi kan utvikle vervet for å oppnå eit endå betre arbeidsmiljø.
- Strategien synleggjer korleis vi ønskjer å utvikle vervet slik at vi kan representere dei som har valt oss, best mogleg.

Visjon

- Vårt arbeidsmiljø – alle si helse

Verdiar

- Respekt
- Støtte
- Samhald

Vi er synlege, tilgjengelege og engasjerte:

- Vi deltek på vernerundar.
- Vi snakkar med medarbeidarane om arbeidsmiljø.
- Vi tek opp arbeidsmiljøsaker på personalmøte.

Vi samarbeider med medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde om å utvikle trygge og helsefremjande arbeidsplassar:

- Vi har ein tydeleg samarbeidsavtale med leiar.
- Vi legg vekt på førebyggjande arbeid med helse, miljø og sikkerheit.

Vi bidreg til endring og utvikling som fremjar eit godt arbeidsmiljø og betre pasienttryggleik:

- Vi har kunnskap om vår eigen arbeidsplass og veit korleis verksemda er organisert.
- Vi har reell medverknad i utviklingsarbeid, byggjeprosjekt og innkjøp.

Vi har nødvendig kompetanse tilpassa risikoforholda og utviklinga på arbeidsplassen:

- Vi aukar kompetansen vår jarmleg.
- Vi har god kunnskap om risikoforholda på arbeidsplassen.

Vi jobbar for eit godt ytringsklima som fremjar openheitskultur og eit lærande arbeidsmiljø:

- Vi seier frå om det som er ikkje er bra, slik at verksemda kan rette opp forholda og utvikle ein læringskultur.
- Vi har kunnskap om rolla vi har i varslingssaker.

Vi er pådrivarar i oppfølginga av forbetring og at alle medarbeidarar er involverte:

- Vi ser at HMS og pasienttryggleik heng tett saman.
- Vi ser på HMS som ein sjølvsagd del av arbeidsdagen.
- Vi bidreg til at handlingsplanar blir utarbeidde og følgde opp.

Vi bidreg til eit arbeidsmiljø utan trakkassering og diskriminering:

- Vi medverkar til ein kultur der medarbeidarane har respekt for kvarandre.
- Vi bidreg til at verdiar og etiske retningslinjer er kjende.
- Vi har kunnskap om førebygging og handtering av trakkassering og diskriminering.

Vi har faste møte for verneombod på alle nivå:

- Vi har jamlege møte der vi støttar kvarandre.
- Vi deler erfaringar og aukar kompetansen vår saman.

